

Ifølgje liste

Dykkar ref

Vår ref
16/1939-

Dato
3. juli 2018

Nundalselvi kraftverk i Årdal kommune i Sogn og Fjordane - klagesak

Årdal kommune, Stiftinga Nundalen og Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane saman med Sogn og Fjordane Turlag og Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane klagar i brev av høvesvis 21.1.2016, 29.1.2016 og 25.1.2016 på Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) sitt løyve av 17.12.2015 til bygging av Nundalen kraftverk.

NVE har vurdert klagane utan å finne grunnlag for å gjere om sitt vedtak, og har sendt saka til departementet i brev av 29.3.2016.

1. Bakgrunn

Småkraft AS søkte 26.5.2015 om løyve til bygging av Nundalselvi kraftverk.

Nundalselvi kraftverk vil nytte eit fall på 415 m i Nundalselvi, mellom inntak på kote 420 og kraftstasjon på kote 5. Det er planlagt ei slukeevne på 1,78 m³/s, som svarar til om lag 250 % av middelvassføringa. Småkraft AS har føreslått slepp av minstevassføring på 115 l/s i perioden 1.5 til 30.9, og 25 l/s resten av året. Kraftverket vil med det ha ein årleg produksjon på om lag 14,1 GWh. Det er òg søkt om eit alternativ med inntak på kote 365. Kraftverket vil med dette alternativet ha ein årleg produksjon på om lag 12,9 GWh.

Søknaden er kunngjort og sendt lokale myndigheiter og interesseorganisasjonar. **Årdal kommune, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane Turlag, Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane (FNF) og Stiftinga Nundalen** er negative til ei utbygging av Nundalselvi kraftverk. Det blir lagt vekt på negative konsekvensar for naturmangfald, landskap, friluftsliv og kulturmiljø med meir. **Sogn og Fjordane fylkeskommune** meiner fordelane er større enn

ulempene og at det bør bli gitt løyve. **Årdal Energi KF** uttalar at distribusjonsnettet ikkje har kapasitet til å ta imot produksjonen frå Nundalselvi kraftverk.

2. NVE sitt vedtak

NVE gir følgjande oppsummering i vedtak av 17.12.2015:

"NVE mener det omsøkte kraftverket kan være et positivt bidrag til at Norge oppfyller sine politiske målsetninger knyttet til fornybar energiproduksjon. Nundalselvi kraftverk vil samtidig kunne gi inntekter til søker, grunneier og kommune, og bidra til lokal verdiskapning.

NVE har lagt vekt på at tiltaket vil medføre negative virkninger for naturmiljøet og landskapet, hovedsakelig som følge av redusert vannføring. Så å si hele den berørte elvestrekningen er klassifisert som naturtypelokaliteten bekkekløft og bergvegg (viktig, B), men fossesprutpåvirket vegetasjon er dårlig utviklet ved de fleste fossene. Den rødlistede arten alm (sårbar, VU) er registrert nederst i dalføret, og potensialet for funn av flere rødlistede arter i tiltaks- og influensområdet er tilstede. Etter NVEs vurdering er vegetasjonen mindre betinget av vannføringen i elva enn av topografien og fuktig fra liene rundt. Redusert vannføring vil føre til at elva blir mindre markert i landskapet når det er lav vannføring, og landskapsinntrykket vil forringes i en viss grad. Ved flommer vil det være vanskelig å se at elva er påvirket av kraftproduksjon. Etter NVEs vurdering tilsier topografi og vegetasjon at kun enkelte deler av elva er godt synlig, både for de som ferdes nært og fra lengre avstander.

NVE mener slipp av minstevannføring, i kombinasjon med overløp ved flomtopper, vil redusere de eventuelle negative virkningene av tiltaket for fuktighetskrevede arter i tilstrekkelig grad. Det vil samtidig ivareta noe av vassdragets naturlige vannføringsdynamikk og etter NVEs vurdering i tilstrekkelig grad ivareta landskapsverdiene knyttet til elva.

Etter NVEs vurdering vil de to inntaksalternativene hovedsakelig ha tilsvarende negative virkninger. NVE har derfor vektlagt at inntak etter alternativ 1 ved ca. kote 420 vil gi en estimert merproduksjon på 1,2 GWh per år."

NVE har sett krav om slepp av ei større minstevassføring - 150 l/s - i perioden 1.5 til 30.9, og 25 l/s resten av året. Kraftverket vil med det ha ein årleg produksjon på om lag 13,7 GWh.

3. Klagene

Årdal kommune, Stiftinga Nundalen og FNF med fleire klager på NVE sitt løyve av 17.12.2015 til bygging av Nundalen kraftverk.

Klagen frå Årdal kommune kan summerast slik:

- Ei kraftutbygging i Nundal vil gje negative konsekvensar for landskap, biologisk mangfald, kulturmiljø og kulturminne.

- Nundal har urørt natur, stor kulturhistorisk verdi og stort potensial for friluftsliv.
- Nundalselvi er med unntak av det som er verna i Utladalen og Jotunheimen det einaste urørde vassdraget av ein viss storleik i kommunen.

Stiftinga Nundalen har som føremål å legge til rette for at Nundalen blir eit rekreasjonsområde for ålmenta. Stiftinga ynskjer å bevare delar av bygningsmiljøet i dalen og å setta det i ein slik stand at det bevarast for ettertida. Klagen deira kan summerast slik:

- Stiftinga meiner at Nundalselvi kraftverk vil redusera opplevingsverdien av Nundalen og vere i konflikt med stiftinga sin målsetning.
- Stiftinga meiner at samfunnsnyttan ved å bevare Nundalen som friluftsområde er større enn nytta ved ei kraftutbygging.

Klagen frå FNF kan summerast slik:

- FNF meiner at samfunnsnyttan i prosjektet ikkje kan vege opp for ulempene for allmenne interesser.
- FNF meiner området har store biologiske verdiar og at det er potensial for funn av raudlista artar langs elva.
- Etter FNF sitt syn har ikkje NVE oppfylt krava i naturmangfaldlova §§ 8-10.
- FNF meiner at Nundalen har svært stor verdi for friluftsliv. Etter FNF sitt syn har NVE i for liten grad lagt vekt på omsynet til friluftsliv.

4. Departementet sine merknadar

Løyve til Nundalselvi kraftverk kan bli gitt om "fordelene ved tiltaket overstiger skader og ulemper for allmenne og private interesser", jf. vassressurslova § 25 fyrste ledd.

Departementet vil drøfte dei merknadane frå klagarane som er naudsynt for å grunngje avgjerda. Departementet kan òg ta omsyn til tilhøve som ikkje er tatt opp av klagarane.

Prissette verknadar

Departementet meiner den viktigaste samfunnsnytta med Nundalselvi kraftverk vil vere produksjonen av fornybar energi. Kraftverket kan produsere om lag 13,7 GWh/år.

Tiltaket kan ha positive verknadar for lokalt og regionalt næringsliv og sysselsetting under anleggsperioden. Vidare kan utbygginga bidra til inntekter til Småkraft AS, grunneigarar og Årdal kommune.

Byggekostnadane for Nundalselvi kraftverk er av søkar berekna til 60,9 mill. kr (per 2015). Dette gir ein spesifikk utbyggingskostnad på 4,45 kr/kWh. Justert til prisenivå per 2017 vil berekna byggekostnad vere 64,1 mill. kr og spesifikk utbyggingskostnad 4,68 kr/kWh. Basert på uttalane til Årdal Energi KF verkar det sannsynleg at prosjektet vil måtte bidra til ei forsterking av kraftnettet ved ei utbygging. Desse kostnadane er ikkje synleggjorde i kostnadsoverslaget.

Prosjektet si inntektsside, representert ved noverdien av prosjektet, inngår som eit element i departementet si samla vurdering av prosjektet sine fordelar og ulemper. Departementet har

gjort ei berekning av noverdien basert på oppgitte investeringskostnader, typiske driftskostnader, forventa produksjon og elsertifikatpris, og eit utfallsrom for kraftprisen slik det er modellert av NVE fram mot 2030 (høg/låg/basis). Gitt føresetnadane for investerings- og driftskostnader gir ikkje kraftverket positiv noverdi når ein legg basisprisbana til NVE til grunn. Kraftverket er med denne prisbana avhengig av eit lågare kostnadsnivå. I eit høgprisscenario syner berekningane positiv noverdi, med unntak for eit høgkostnadsscenario.

Prosjektet har ein nokså høg utbyggingspris. Departementet meiner at prosjekt med eit slikt kostnadsnivå i mindre grad kan bere negative verknadar på naturmangfald, landskap og andre interesser. Departementet presiserer at usikkerheita i denne fasen normalt er betydeleg både når det gjeld faktisk produksjon og kostnader.

Naturmangfald

Føresegnene i naturmangfaldlova § 7 og prinsippa i same lov §§ 8-12 blir lagt til grunn som retningslinjer for vedtak etter vassressurslova. Departementet syner i den samanheng òg til forvaltningsmåla om naturtypar, økosystem og artar i naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

Tiltaksområdet er undersøkt på oppdrag frå søkjar i 2005, 2008 og 2017. Sistnemnte undersøking var ei oppfølging av at departementet såg behov for ytterlegare kartlegging av råmekrevjande lav- og moseartar.

Kunnskapsgrunnlaget departementet bygger si vurdering på, omfattar mellom anna følgjande:

- Søknad av 26.5.2015 med tilhøyrande rapport om konsekvensar for biologisk mangfald m.m.
- NVE sitt bakgrunn for vedtak av 17.12.2015 (KSK-notat 115/2015).
- Tilleggsundersøking av mosar og lav i vassdraget, utført av Multiconsult AS.
- Søk i aktuelle databasar, som Miljødirektoratets Naturbase.

Det er registrert ei bekkekløft, vurdert til å vere av regional verdi (B), på elvestrekket som får fråført vatn ved ei utbygging av Nundalselvi kraftverk. I tilleggskartlegginga av mosar og lav blei det gjort tre sikre funn av raudlista arter. Det blei også gjort ei sannsynleg registrering av ein førekomst av flatsaltlav, som har status som sårbar (VU) i Rødlista. Multiconsult AS syner til at denne arten veks på steinar ute i elva og truleg vil vere utsett for uttørking om vasstanden i elva blir redusert. Multiconsult AS vurderer etter tilleggsundersøkinga at potensialet for funn av ytterlegare artar på Rødlista er middels for mosar og liten for lav.

Nundalselvi kraftverk vil medføre lenger og hyppigare periodar med låg vassføring på elvestrekninga som får redusert vassføring. I tillegg vil storleiken på vassføringa i flaumtoppane bli redusert. Sjølv om det vil vere betydeleg flomoverløp under snøsmelting og ved store nedbørmengder, og sjølv om kraftverket ikkje vil vere i drift i periodane der vassføringa er lågare enn summen av minstevassføring og lågaste driftsvassføring, vil

vassføringa i Nundalselvi mellom inntak og kraftstasjon berre vere minstevassføring og bidrag frå eit avgrensa restfelt i store delar av året.

Departementet meiner at redusert vassføring truleg vil redusere verdien av bekkekløfta og at førekomsten av flatsaltlav kan forsvinne. Desse ulempene må bli tillagt vekt i den samla vurderinga for Nundalselvi kraftverk.

Landskap, kulturmiljø og friluftsliv

Det kjem klart fram i høyringsfråsegnene og innkomne klager at området har verdier for landskap, kulturmiljø og friluftsliv.

Årdal kommune syner i klagen til at området har urørt natur, kulturhistorisk verdi og stort potensial for friluftsliv og naturopplevingar. Kommunen meiner kraftutbygginga vil redusere desse verdiane. Kommunen meiner dette vil vere svært negativt, og syner til at Nundalselvi er det siste urørde vassdraget i kommunen, utanom dei som er verna i Utladalen og Jotunheimen.

NVE har i vedtaket vektlagt at vassvegen blir lagt i tunnel og at det ikkje blir etablert veg i tilknytning til anlegget. I driftsfasen vil verknadar for landskap og endra opplevingsverdi for friluftsliv i hovudsak vere knytt til redusert vassføring, kraftstasjon og inntak. Etter NVE sitt syn er topografi og vegetasjon slik at det berre er nokre delar av elva som er synleg, både for dei som ferdast nært og frå større avstandar. Etter NVE sitt syn kan omsynet til landskap, friluftsliv og brukarinteresser bli ivaretatt i tilstrekkeleg grad.

Departementet konstaterer at området har verdier for landskap, kulturmiljø og friluftsliv som det må takast omsyn til. Det er lagt vekt på å redusere ulempene, både frå utbyggjar si side og i NVE sitt vedtak. Tiltaket vil likevel ha ulemper som følgje av etablering av kraftstasjon, inntak og redusert vassføring. Etter departementet si vurdering vil konsekvensane for landskap, kulturmiljø og friluftsliv vere av ein slik grad at det må bli lagt vekt på i den samla konsesjonsvurderinga.

Oppsummering

Nundalselvi kraftverk kan i tråd med NVE sitt vedtak bidra med om lag 13,7 GWh fornybar energi. Prosjektet har ein relativt høg utbyggingskostnad, men kan under visse føresetnader gi positive ringverknadar lokalt og varige inntekter til søkjar og Årdal kommune.

Departementet konstaterer at Årdal kommune og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane meiner at det ikkje bør bli gitt løyve, mens Sogn og Fjordane fylkeskommune er positiv til at det blir gitt løyve.

Departementet finn at dei samla ulempene for landskap, friluftsliv, kulturmiljø og naturmangfald er større enn bidraget til ny uregulerbar energiproduksjon med ein nokså høg utbyggingskostnad og andre fordelar ved ei utbygging. Etter departementet sitt syn kan ikkje ulempene bli redusert i tilstrekkeleg grad med avbøtande tiltak.

Etter ei samla vurdering finn departementet at fordelane og nytta ved tiltaket er mindre enn skadane og ulempene for allmenne og private interesser. Vilkår for løyve er såleis ikkje oppfylt, jf. vassressurslova § 25.

5. Departementet sitt vedtak

Klagene frå Årdal kommune, Stiftinga Nundalen og Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane blir tatt til følgje. NVE sitt løyve til bygging av Nundalselvi kraftverk blir gjort om til avslag.

Dette vedtaket kan ikkje klagast på, jf. forvaltningslova § 28, tredje ledd, fyrste punktum.

Med helsing

Lars Christian Sæther (e.f.)
avdelingsdirektør

Håvard Hamnaberg
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har difor ikkje handskrivne signaturar

Kopi

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Norges vassdrags- og energidirektorat

Adresseliste

FNF Sogn og Fjordane	Sognefjordvegen 40	6863	LEIKANGER
Småkraft AS	Postboks 7050	5020	BERGEN
Stiftinga Nundalen v/Vidar Moen	Bringevegen 8	6885	ÅRDALSTANGEN
Årdal kommune	Statsråd Evensensveg 4	6885	ÅRDALSTANGEN